



## Vedtekter for Finnøy Frivilligsentral

### § 1 Lovverk og retningslinjer

Finnøy Frivilligsentral skal som det øvste organet ha eit årsmøte som vel styre. Verksemda skal drivast i samsvar med kommunelova, forvaltningslova og offentleglova. Eigar av sentralen er Finnøy Kommune.

### § 2 Årsmøte

Årsmøtet skal velja leiar, nestleiar og styremedlemmer, godkjenna budsjett innanfor den tildelt ramma, som består av kommunale midlar, statlege midlar og eventuelt andre finansieringskjelder. Årsmøtet har også ansvar for rekneskap, og for å føra kontroll med styret og med drifta av frivilligsentralen. Det skal førast møtebok frå årsmøtet.

Formannskapet er frivilligsentralen sitt årsmøte.

Årsmøtet skal haldast innan 31.3. Ekstraordinært årsmøte skal haldast dersom kommunestyret/formannskapet eller styret krev det. På årsmøtet møter styret og representant(ar) for eigar med tale- og forslagsrett.

Årsmøtet set ned ein valkomité som fremjar forslag til val av styremedlemmer og vararepresentantar. Årsmøtet bestemmer kor lenge styret skal sitja, med den avgrensinga at ingen kan veljast ut over valperioden, som er 4 år.

Årsmøtet er, på lik linje med ordinære møte, opne for alle. Årsmøtet vedtek sjølv forretningsordenen.

### § 3 Styret

Styret skal behandla budsjett, revidert rekneskap, årsplan og årsrapport og leggja desse fram for årsmøtet til godkjenning.

Styret avgjer sjølv kor mange møte som skal haldast i løpet av året, men det skal minimum vera 2 møte.

Styret skal bestå av minimum 5 personar, og maksimum 7 personer. Eigaren skal ha fleirtal.

Styreleiaren har dobbelstemme ved stemmelikskap.

Sekretærfunksjonen for styret er lagt til leiaren av frivilligsentralen.

Styret er vedtaksdyktig når minst 2/3 av styret tek del.

### § 4 Førebuing av saker og dagleg drift

Dagleg leiar av frivilligsentralen førebur sakene og følgjer dei opp i styret.

Dagleg leiar har i tillegg ansvaret for å følgja opp vedtak i styret.

Dagleg leiar har dessutan ansvaret for arbeidsleiing, rekneskap og budsjettering.

### § 5 Vedtektsendringar

Vedtektsendringar skal fremjast for årsmøtet til uttale, og godkjennast av formannskapet.